AT - møte skule – 22. Februar 2024

Stad: Odda barneskole

Velkomen ved lokallagsleiar Anita.

- Heimesida: Sjekk medlemslista med jamne mellomrom. Dette kan vera lurt å ta på eit klubbmøte. Viktig å oppdatera kva rolle/stilling ein har.

- Alle klubbar har 100,- pr år/ pr medlem som kan brukast til servering på klubbmøte/ gåve til jul osv.

- Viss ein har nye medlemmer, eller medlemmer som vert pensjonistar: Ta kontakt med lokallagsleiar, slik at medlemmene får ei lita merksemd frå lokallaget.

Sak 1: Informasjon frå hovudtillitsvalt

- Sentral telefonavtale: Avtala var i utgangspunktet klar til signering, men så ynskte KS å sjekka avtala juridisk. Der ligg saka no. UDF arbeider for å fullføra saka. Når avtala er underskrive vil kommunen følga denne.

- Klesavtale: Det har kome mykje tilbakemeldingar frå ulike fagforeiningar. Det er lurt å gå gjennom avtala i klubben, og evt koma med tilbakemeldingar til HTV. Avtala skal evaluerast denne våren.

- Mogleg pålegg om å ta LOGOS-testing. Nokon lærarar kan verte pålagt å ta opplæring i LOGOS. Dette skal me ikkje godta utan kompensasjon. Det bør også vere frivillig å ta opplæringa. HTV arbeider vidare med saka, og prøver å utarbeida ei kommunal avtale.

- Kompensering når me er på reise (til/frå kurs osv): Viss me skal på tenestereise; kompensasjon og reiselengde må vera avtalt på førehand. Me skal følga sentrale avtaler – alltid! Det er viktig at me tilsette ikkje godtek mindre lønn "akkurat denne gongen". HTV sjekkar opp den lokale avtala ved reise; det kan sjå ut som at den lokale avtala er dårlegare enn den dei nyttar i staten.

- Dei ulike tillitsvaltorganisasjonane i kommunen har samarbeidsmøte kvar månad for å samarbeida om saker. Dette er me tent me jmf: "Saman er me sterke."

- Kommunen har fått ny HR-sjef: Marianne Halland. Det er ikkje tilsett nokon i hennar stilling pr no. Det kan verta mindre kapasitet på HR-avdelinga fram til sommaren.

- Politisk påverknad: HTV og LLL har delteke på gruppemøte til fleire politiske parti. Dette har vore positivt, og det ser ut til at det gir resultat. Det har også vore arbeidd med debattheftet fram mot tariffoppgjeret.

- Lokale for vaksenopplæringa: Det er dårlige lokale, og lite plass på vaksenopplæringa både i Odda og i Kinsarvik. Her held me trykket oppe, og det må klubbane på desse skulane også gjere, politisk og administrativt.

- Lokale forhandlingar: I år skal det vere lokale forhandlingar for kap.4. Det har vore vanleg i Ullensvang å dela ut ein flatt tillegg til alle medlemmer. Kommunen kan koma med ynskje om å prioritera nokre grupper. Møtet gir signal tilbake om at ein ynskjer flatt tillegg, evt prioritera kontaktlærarane. Her kan ein kome med fleire tilbakemeldingar i løpet av våren. (Hugs å høyre med klubben)

- Innholdet i kontaktlæraransvaret: Det er eit alt for stort ansvar i forhold til kompenseringa. Me gjer oss sjølv ei bjørnetjeneste ved å vera tilgjengelig 24-7 til samtalar, meldingar og mailar.

- HTV ynskjer gjerne å koma på klubbmøte kringom på arbeidsplassane.

- Tilsetjing: TV kan delta på jobbintervju i skulane. Me skal ikkje vera med på jobbintervju viss det er fagarbeidarar (Då skal fagforbundet delta). Lokallaget vil forsøka å få eit oppfriskingskurs i tilsetjing til TV'ane.

Sak 2: Budsjett og omstilling

- Det er vedteke at det skal gjerast eit omstillingsarbeid i kommunen, og mandatet er at ein skal ta ned 50 millionar kroner innan 3 år.

- Arbeidet er i gang, og klubbane må vera obs. Det er representantar frå dei tillitsvalgte, og nokre rektorar i omstillingsarbeidsgruppa.

- Det kan vere snakk om både omstilling og strukturendringar i kommunen i Oppvekst.

- Det er mange skular som etter kvart vil merka elevnedgangen. Eit resultat kan verta nedlegging av skular, og endring av skulekrinsar.

- Omstillingsarbeidet vil fortsetja fram til hausten, då vert den lagt fram politisk.

Sak 3: Ekstraordinært årsmøte

- Det vert ekstraordinært årsmøte på Hotel Ullensvang 12. April

- Det vert valg, quiz og middag (buffet)

- Hugs å henga opp invitasjonen på arbeidsplassen.

Sak 4: Innspel frå Hauso skule

- Det er mange flykningar og minoritetsspråklege elevar som kjem direkte inn i klassane utan ekstra ressursar og utan nokon konkrete planar.

- Ullensvang kommune tek i mot mange flykningar, men det er vanskeleg å sjå planen deira for opplæringa i skulane.

- Er innføringsklasse ein veg å gå? Kanskje ha ein pilotskule i kommunen for sjå resultatet der før ein lagar innføringsklassar i heile kommunen?

- Det skal fattast enkeltvedtak om at dei får fritak frå undervisning til fordel for opplæring i grunnleggande norsk. Det er rektor som gjer dette.

- Det følger ganske mykje pengar med kvar flyktning. Det er lite pengar som endar opp i skulen. Dette er fordi midlane ikkje er øyremerka.
- HTV og LL vil initiera eit arbeid for å gjere denne problemstillinga minst mogleg utfordrande for skulane. To be continued!

Situasjon kringom på skulane.

- Alle skulane meldte tilbake om personalsituasjon og generell stemning på skulane.
- Tema som går att er mangel på tilsette, bruk av ufaglærte lærarar og vikarbruk/ mangel på vikarbruk.
- Ein del av desse temaene vil HTV ta opp med skulesjef/oppvekstsjef.

Framover: Styret arbeider med årsmøtevedtak og innspel frå Hauso ang. flyktningar og skulesituasjon. Lokalt bør me få til kurs i prosess rundt tilsetjing og arbeidstid. Arbeidstidkurs bør vera tidleg haust.

Ref. Brita K. B. Ringheim